Ole Mossen


# MENIGHETSBLAD

## FOR ORKDAL PRESTEGJELD

Nr. 1 | JANUAR 1952 | 2. årg.


# *Omvend eder, og bli som barn.*

Sannelig sier jeg eder. Uten at I omvender eder og blir som barn, kommer I ingenlunde inn i himlenes rike. Math. 18, 3.

Du får det aldri godt med Gud før du omvender deg. Men det er nettopp omvendelsen folk går utenom. Mange tinger med Gud for å få fred i hjertet. De spør hva Gud krever for å gi dem freden, og forsøker en slags clearing-avtale med ham. Og uten å bli stille og vente på Guds svar tar de fatt på strevet for å tekkes ham. I virkeligheten ser de ikke at Gud ikke har gått med på avtalen. For det er ikke mennesket som skal sette betingelsen. Det kjenner ikke sin avmakt. Det måler med sin egen målestokk, og tror at Guds er like liten.

I strevet etter fred med Gud blir folk religiøse. De oppretter et Gudsforhold på eget grunnlag, murt opp av det de sjøl mener å makte. I dette strevet inngår arbeid i Guds rike, ja, ofte både bønn og bibellesning. Men faktum er at det går an å streve med alt dette uten å eie hjertefreden. Innerst inne kan hjertet være uforandret. Fariseerne var også religiøse mennesker. Skulle det kommet an på religiøsitet ville de nok hatt en sikker plass i Riket. Hvorfor kom de ikke inn, disse eksperter på lov og formvesen? De omvendte seg ikke. De forkastet det eneste sonoffer for synden hos mennesket, det ofret himlens Gud sjøl hadde brakt verden. Når mennesket stikker ut sin egen veg til fred, blir det religiøst. Det besøker steder hvor Ordet forkynnes og hvor det arbeides

for Gud. Men det viktigste uteblir: Omvendelsen. De ser ikke menneskehjertets fordervelse og avmakten til å være Guds lov lydig.

Omvendelse - hva vil dette vanskelige ordet si? Et sted i Ordet ropes det om å fatte et annet sinn. Det foregår noe med sinnet. Et omvendt menneske har gjennomgått en sinnsforandring, og omgivelsene skal nok merke det. Der det før var stolthet er det nå ydmykhet. Men sjølve omvendelsen - hva består den i? Å bli som barn. De små som ble lagt i Frelserfanget var hjelpeløse, så hjelpeløse at de måtte bæres. Å omvende seg vil si å gjøre opp med Gud og erklære seg fallitt. Da slutter en å rekne med noe godt hos seg sjøl. For Gud rekner ikke med det, han som kjenner hjertet til bunns. Sjølgodt slit og strev er ikke å bli som barn. Det kan ikke gjøre en kjær for Gud. Bare «hva Kristus meg har givet gjør meg for Gud så kjær».

Men da blir det jo ingen ting å bringe til ham? Nei, ingen ting uten deg sjøl slik du er. For du reknet grundig feil når du trodde du hadde mer. Men ser du din hjelpeløshet, da har du jo ingen ting å rekne med. Ser du nå hvor mye du har å be om tilgivelse for, du som reknet med deg, men ikke med Kristus? Så lenge du var uomvendt, forkastet du jo ham. Men nå, når du ser din virkelige synd og vrir deg under den, skal du få rekne med Jesus. For ham rekner Gud med når det gjelder din frelse.

Omvend deg, og bli som barn: For da får hjertet den freden det ikke kan få på annen måte. Ble du omvendt da Gud uroet hjertet ditt?

**Olav Olsen.**

---

## *Ingvald Forfang får Kongens gull.*

Som truleg alle har sett frå dagspressa, har folkehøgskulestyrar h. v. Ingvald Forfang nyleg vorte heidra med Kongens fortenstmedalje i gull. Vi finn det riktig at denne hendinga og blir omtala i vårt blad, da Forfang meir enn nokon annan orkdaling har vore knytt til kyrkje og kyrkjelyd, han har såleis no i over 40 år vore organist i Orkdal kyrkje.

Nokon presentasjon av Forfang treng vi ikkje, alle orkdalingar kjenner han og veit at han har gjort seg vel tent til denne heidringa. Det arbeid han har gjort mellom norsk ungdom kan ein knapt verdsetja høgt nok. Med si sjeldsynte evne til å undervise, har han som få andre makta å kombinera kunnskapsgjeving og etisk oppseding i vidaste meining. Han står difor som ein av dei fremste representantane for det grundtvigske - koldske synet inna norsk folkehøgskule idag.

Forfang har rokke over mykje; han har vore formann for høgskulelærarlaget, redaktør av Høgskulebladet, songbokutgjevar m. m. m. men først av alt har han vore ungdomslæraren som med varm hug og stor tru har sådd i tusentals ungdomssinn. Og mange er dei som idag takkar for sånaden.

Ved ei festleg tilstelling på Torshus laurdag 19. jan. vart han overrekt medalje av skuledirektør Todal. Tilstades var Orkdal heradstyre, skulestyret, prestane, lærarane i bygda, elevar og ymse andre nære vener av skulen og Forfang.

Etter velkomsthelsing og song, fekk skuledirektøren ordet. På ein varm og personleg måte ga han oss ei skildring av skulemannen og ungdomsoppsedaren Forfang, og hermde her m. a. ein kjent franskmann at det store livet er «tankar og idear som er fostra i ungdoms eldhug og bore fram av manndoms kraft». Dette høver på Forfang.

Skuledirektøren slutta med å festa medalja på Forfang og ynskte han hjarteleg tillykke.

Forfang takka så for den store æra, og fortalde i korte trekk litt av livssoga si.

Seinare på kvelden heldt Ingvald Forfang foredrag om folkehøgskulen, eit uvanleg gildt og levande oversyn over framvoksteren til dette skuleslaget.

Elles var det song og musikk av fruene Tvete-Lian og

Kjellfrid Müller. For høvet førte dei fram songar som alle var tonesette av Forfang, og dei ga oss såleis ein gløtt av ei anna viktig side ved skulemannen Forfang.

Tilslutt bar ordførar, prost - og m. fl. fram helsingstaler og den gilde, minnerike feststunda slutta med: «Gud signe vårt dyre fedreland».

A. F.

---

## *Nytt orgel i Orkdals-kyrkja?*

Organist Forfang har sendt dette brevet

**Til Orkdal Sokneråd.**

Minne 30. november 1951.

Det er eit solid orgel vi har i Orkdals-kyrkja; det har gjort teneste i snart 60 år og er framleis godt som nytt. Med eitt unnatak: den stemmen i orgelet som framom dei andre stemmone skulle gje orgelet festklang - trompeten - er mest ubrukande, av den grunn at han ikkje held stemning, - om han blir reinstemt i dag, så er han meir eller mindre urein att i morgo, og om kort tid heilt ubrukande. I mi fyrste organisttid, og gjenom mange år, dreiv eg og stemte trompeten sjølv, uavlateleg; men eg vart lei av det, og no har trompeten vori ute av bruk i mange år.

I alle orgel er trompeten den stemmen som er vanskelegast å halde rein. Men det er likevel stor skilnad på den gamle sorten, som er i orgelet vårt, og den konstruksjonen dei brukar i orgel som blir bygd no for tida. Og da orgelbyggjar Torkildsen var her no i førre veka og stemte orgelet, så sa han at han tykte ein absolutt burde koste på å få ein ny trompet i orgelet. Eg spurde han kva det ville koste. Ikr. 4000 kr., svara han.

Eg vil nemne dette til Soknerådet, og uttala eit sterkt ynskje om at Soknerådet vil søke Heradsstyret om løyving til ein ny trompetstemme, og det så snart som råd er.

*

Dessutan vil eg gjera meg så fri å nemne:

Eg har sagt at orgelet vårt er godt og solid; men eg vil legge til at det er svært gamaldags; i dei snart 60 åra sidan det var bygd, har orgelteknikken gjort svære framsteg.

No går eg ut ifrå at når underskrivne om kort tid går av som organist, så vil kommunen sette opp ei skikkeleg organistløn, så ein kan få ein fullt utdana musiker til organist, ein som attåt sjølve organistarbeidet òg kan ta seg av musikklivet i bygda i det heile. Men ein slik mann burde ein kunne by eit skikkeleg orgel, eit som ikkje berre er godt nok til vanleg gudsteneste-bruk, men som òg er eit godt konsertorgel. Eg vil nemne at bygdene rundt ikring oss i dei siste åra har rådd til moderne orgel til kyrkjene sine: Meldal, Rindal, Skaun, Børsa (det siste er enno ikkje levert), og fyrst og fremst Melhus (som har rådd seg eit orgel for 80-90 tusen). Det ville kanskje vera rart om ei så pass stor og mektig bygd som Orkdal vart liggjande etter i denne vegen.

I 1944 var orgelbyggjar Jørgensen frå Oslo her (innehavaren av det firmaet som bygde orgelet vårt i 1893), og etter oppmoding av ordføraren leverte han framlegg til nytt orgel i Orkdals-kyrkja, med kostnadsoverslag; men det vart ikkje da gjort meir med saka. Tilbodet frå Jørgensen ligg truleg i arkivet frå 1944.

Dette har eg nemnt til ettertanke, og eg legg til at det no for tida er så sterk pågang til alle orgelfabrikkar etter nye orgel, at det tek fleire år frå eit instrument er tinga til det kan bli levert.

Vyrdsamt **Ingvald Forfang.**

---

I møte av soknerådet 18. des. blev brevet frå Ingvald Forfang referert og rådet gjorde slikt vedtak:

«Skrivet vert å senda til Orkdal heradsstyre. Soknerådet rår til at ein byrjar med avsetning til nytt kirkeorgel».

---

Forståelsen av kirkeorglets betydning er voksende hos oss. Det har vist seg i anskaffelsen av en rekke nye og prektige orgler i adskillige kirker over hele landet. Der har vært store innsamlinger i menighetene og herredsstyrene har vist en prisverdig interesse ved å støtte med større bidrag. - Slik også i de bygder som nevnt av Forfang. Det er å ønske at Orkdal herredsstyre allerede i kommende budsjettmøte tar saken opp og finner utvei til å bevilge et større beløp til nytt orgel.

---

# *Gaver til bladet.*

**Orkland:** Ved Marit Monset Berbu: Søster Anne Ødegård 2; Ola Berbu, Nyheim 5; Arne Øverby 2; Lars Berbusmel 2; Ole Berbusmel 2; John Lie 2; Oddmund Berbusmel 2; Berit Berbusmel 1, Reidar Aa 2; Lars Rønning 2; A. T. Rønning 5; Einar Svorkmo 2; Ole Eggen 5; John Lium 2; O. J. A. Berbu 2; Olav Øvervik 2, Marit Årli 2; A. A. Barbo 2; Johanna Barbo 1; Anne Norberg 2; Lars Kvikne 3; Ole Vormdal 2; Karl Herje 2; Klara Skistad 2; Ivar Asbøll 2; Olaug Pettersen 2; Ole Lomundal 2; Leif Ekseth 2; Sivert Asbøll 2; John Lium 3; T. Leergaard 5.

Ved John Fagerli: John Fagerli 5; Egil Aamot 5; Jan Tiseth 5; Kristian Fagerli 5; Ole Fosshagen 5.

Ved Anders Lie: Anders Lie 5; Jørgen Lie 5; Per Opøien 3; John Ljøkjel 5; Bernt Høston 5; Marius Høston 5; Martin Moe 5.

Ved J. M. Asbøll: J M. Asbøll 5; Arnt Tronvoll 5; Leif Folvik 3; Gudrun Tronvoll 2; Engel S. Asbøll 3.

Ved Nils Ofstad: Ole O. Monset 5; Anna Monset 5; Nils Ofstad 5.

Ved Anders B. Hoston: Tore Halgunset 5; Magne Staveli 5; Gunnar Hoset 5; Bent A. Hoston 5; A. B. Hoston 5. Tils. kr. 190.-.

**Orkdal:** Ved John Skauge: Arnt Kvåle 3; Hjørleiv Eldevik 3; Th. Hestnes 3; Marius Solem 3; Ingebrigt Fagerholt 3; Martha Skauge 3; Jon Skauge 3 .

Ved Olav Solem: J. Fagerholt 3; I. Vassli 3; J. Bjørklimo 5; Olav Solem 5. Tils. kr. 37.-

**Orkanger:** Anders Haugen 5; Anders Prestmo 5; Anton Hoff 5; Johanne Hoff 5; Kristoffer Singstad 5; Johs Dahlø 5. Tils. kr. 30.-.

Hjertelig takk til alle bidragsytere.

---

# *Fra kirkeboken.*

**DØPTE i desember 1951:**

I Orkland kirke 2. des. Jarle Singstad, f. 1. 10.; Bjørn Freidar Øyum, f. 6. 10. 26. des.: Tove Bredesen f. 5. 11; Wenche Bredesen f. 5. 11; Sissel Sandvik, f. 28. 10.

I Orkdal kirke. 9 des.: Kåre Ola Kurås f. 4. 10; Villy Karlsen f. 21-9. 16. des.: Lars Arve Fandrem f. 11. 11. 23. des.: Brit Eilinor Skjetne f. 28. 10.; Oddbjørg Johanne Otervik f. 18. 10. 26. des.: Kari Nikoline Forve f. 25. 10.



I Orkanger kirke. 26. des.: Svend Georg Breunig f. 20. 10. Marit Sæthor f. 19 11; Turid Ebbesen f. 25. 10.; Berit Jensine Bunæs f. 16. 10. 30. des.: Kari Mostad f. 1. 10.

**VIGDE i desember 1951:**

I Orkland kirke: 31. des.: Ivar Arenstein Aakerøy, Austbø i Alstahaug og Inger Asbøll, Orkland.

I Orkanger kirke: 22. des.: Erling Villiam Stav, Trondheim og Gjertrud Johanne Sognli, Strinda. 28. des.: Ove Emil Antonsen, Stjørna og Ellen Johanne Oddli, Orkanger. 29. des.: Ludvig Hoff, Orkanger og Nelly Ingeborg Fuglås, Flå. 31. des.: Johan Marius Sandgrind, Orkanger og Ragna Elisabet Kristensen, Bindal.

I Orkdal kirke: 1. des.: Kåre Leonard Haugen og Solveig Sivertsen, begge Orkanger. 31. des.: Lars Pedersen Viggen, Hylla og Klara Benny Løberg, Levanger.

**DØDE i desember 1951:**

I Orkland: Ingen. I Orkanger: 7. des.: Kristian Brekstad f. 1 12. 1862. 25. des.: Gerhard Emelius Olsen f. 6. 2. 1878.

I Orkdal: 10. des.: Karen Amanda Andersen f. 14. 1. 1881. 14. des.: Anne Martha Wolden f. 30. 8. 1860.

---

# *Fester og møter:*

**Det Blå Kors.** Åresalg i Sølberg bedehus lørdag den 16. februar kl. 19. Sekretær Lium deltar.

**Orkladal Samskipnad av Norsk Luthersk Misjonssamband.**

Som arbeidere er vi tildelt emissær Staverløk hele denne termin etter jul og til å virke blandt barna og yngres Inger Bjørgan fra 15. mars til ut april.

Virksomheten for Staverløk er tiltenkt således:

Fra 29. jan. til 10. febr.: Midtbygdens f. og Orkdal Røddelag
Fra 12. til 24. februar: Løkken forening og Løkken Røddelag
Fra 26. febr. til 9. mars: «Vårliv» og Monset foreninger.
Fra 11. til 16. mars: «Fjellbjørka» forening, Meldal.
Fra 18. til 26. mars: Haugenes forening, Sølbergshaugan.
Fra 27. mars til 6. april: Orkanger forening.
Fra 14. april til 27. april: Geitastrand og «Vårbud» foren.

**FESTER i påsken:**

Skjærtorsdag: Råbygda og Svorkmo.

Langfredag: Løkken og Fannrem.
1. påskedag: Monset og Stokhaugen bedehus.
2. påskedag: «Fjellbjørka» f., Meldal og Geitastrand.

**ÅRSMØTET**

blir iår etter innbydelse fra Løkken avholdt der i Folkets Hus 24. februar (Fastelavensøndag). Talere Gjevran og Staverløk.

Gjevran har lovt å ha noen møter på Løkken fra tirsdag 22. januar. For barnearbeideren er enda ikke fastsatt noen rute.

Dr. Pastor Ole Valen Sendstad kommer til Trondheim i tiden fra 20. til 24. april og det er mulig vi får et møte også på Fannrem.

**Sekretæren.**

---

## *Gudstjenester:*

**4. s. e. Kr. åpenb. den 3. februar.**

Orkdal kirke kl. 11: Olsen.
Orkanger kirke kl. 11: Leergaard.
Moe misjonshus kl. 11: Skrondal.

**S. Septuagesima den 10. februar.**

Støylen skole kl. 11: Skrondal
Orkanger kirke kl. 11: Olsen
Orkland kirke kl. 11: Leergaard.

**S. Seksagesima den 17. februar.**

Orkdal kirke kl. 11: Leergaard
Orkanger kirke kl. 11: Skrondal
Monset skole kl. 11: Olsen.

**Fastelavnssøndag den 24. februar.**

Orkdal kirke kl. 11: Olsen. Nattverd.
Orkanger kirke kl. 11: Leergaard. Nattverd.
Orkland kirke kl. 11: Skrondal. Nattverd.

---

Innk. ved ofring i Orkanger kirke 1. juledag til N.M.S. kr. 222.28.
Innk. ved ofring i Orkland kirke 1. juledag til N.M.S. kr. 196.73.

---

UTGIVER: ORKLAND SOKNERÅD.
Redaktør: **Res. kap. Trygve Leergaard.**
SVORKMO PRENTEVERK - SVORKMO.